

INFORMASJON JAKT 2009

**Utdrag av de viktigste regler for jakt frå Tresfjord Storviltvald 2009
Jaktperioden er 10.september til 23.desember 2009.**

Ekstra kvote for dyr med lav slaktevekt, ekstra tildeling, skadedyr osv.

TSVer tildelt 20 dyr ekstra til fordeling av dyr trekt i jaktfelt med vekter under de oppgitte vektgrenser, kalv under 20 kg, hodyr under 40 kg og hanndyr under 45 kg for kvart år i planperioden. Dyr på denne kvoten som ikkje blir brukt kan ikkje flyttes over til neste års kvote.

Kalv under 20 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål. Det blir ikkje kravd fellingsavgift for kalv under 20 kg, se **Del 10: Økonomi**.

Hodyr under 40 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål.

Hanndyr under 45 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål.

Dersom eit dyr skal trekkast av kvoten for lav vekt, skal styret straks varslast, og dyret skal vegast av oppnemnte kontrollør frå styret.

Dyr som vert trekt, vert bytta mot tilleggskvote som laget har. På fellingsrapporten skal rett alder, vekt rapporterast inn.

Del 6: RAPPORTERING/ BETALING AV FELLINGSAVGIFTER.

Kvart jaktfelt ved jaktleiar/ jaktfeltansvarlig skal rapportera inn endelige fellingsresultat inn til styret seinast 10 dagar etter at jakttida er slutt.

Betaling av dei kommunale fellingsavgiftene og eventuelt tilleggsgift per tildelt dyr i laget skal være innbetalt innan betalingsfrist oppgitt på faktura. Ved for sein innbetaling av avgifter, kan styret fastsette tilleggsgift m.m.

Ved kvar felling av dyr rapporterer jeger til jaktleiar opplysningar om dato, kjønn, alder, kor dyr kan sjåast og eventuelt vekt innan 12 timar.

Jaktleiar melder inn til oppnemnte kontrollør innan 24 timar etter felling.

Del 7: TILTAK.

7.1 Registrering/overvaking av bestand.

a) ”Sett hjort”

Skal først av alle jaktlag(jaktleiar for jaktlaget rapporterar for heile jaktlaget) og einskjildjegerar, og leverast styret saman med fellingsrapport, seinast 10 dagar etter jaktslutt. Alle skjema skal være korrekt utfylt med sett hjort, skutte dyr, avmerka for type jaktform, innmark/utmark, summert og underskreve av jeger.

Alle jaktfelt skal levere inn liste seinast 10 dagar etter jaktslutt med namn på jegeren som har jakta og om skyttar har levert ”Sett hjort skjema” skal komme fram i skjemaet. Jegerar som ikkje fører skjema, vert ilagt ”gult kort”.

Det er jaktleiar/ jaktfelt ansvarlig som har ansvaret for at disse skjema er korrekt utfylte og levert til styret i TSV innan fristen.

Som ledd i registreringa bør laget ha fleire teljingar. Mellom anna vårteljing, teljing etter jaktslutt og vinterteljing.

b) Vektregistrering.

Felte dyr skal vegast innan 24 timar etter felling, og først inn på skjema.

c) Merkeprosjekt.

Deltaking i merkeprosjekt skal vurderast og samordnast med andre vald og kommunar/fylke.

Del 8: REGLAR FOR JAKT OG SAMARBEID.

Dei krava som myndigheitene set gjennom og til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter, skal følgjast.

- Jakt utanom fastsette jakttider utan spesielle unntak godkjent av TSV eller kommunen samt annen irregulær jakt skal rapporterast til styret i TSV. Styret skal ta stilling til om det skal rapporterast vidare til politimyndigheter.
- Alle jaktfelt/ jaktlag skal ha ein jaktleiar som har gjennomgått ”Jaktleiar kurs” i regi av kommunen eller andre instansar. Oppnemnt jaktleiar skal være rapportert inn til styret i TSV innan 1.mai i jaktåret. Det skal oppgis namn, adresse, telefon osv.
- Jaktleiar har hovudansvar for gjennomføringa av jakta i sitt jaktfelt. Jaktleiar skal kontrollere at alle jegerar som jaktar i feltet har sine papir i orden slik som, betalt jegeravgift, godkjent oppskyting for hjortevilt, våpenkort, jakløyve osv.
- Jaktleiar skal også syte for at reglar vedtatt av rettighetshaverne blir fylgt, samt Jaktlova og reglar frå kommunen.
- Jaktleiar har ansvar for at jaktfeltet har tilgang på godkjent ettersøkshund.
- Alle jaktfelt skal ha egen jaktfelt ansvarlig valt av rettighetshaverne av jaktfeltet.

8.1 Skadeskyting.

Skadeskyting skal , i tillegg til dei krav som forskrifta set, snarast varslast jaktleiar for jaktfeltet og til reperestant i styret for TSV.

Kvart jaktfelt er ansvarleg for å sende styret kopi av ettersøksavtale før tildeling av kvote. Om ønskeleg kan TSV skrive ettersøksavtale for heile jaktområdet.

8.2 Godkjenning av nye jaktfelt.

For å få godkjent jaktfelt skal feltet vere samanhengande og minst ha storleik som tilfredsstillar arealkravet til to dyr i området.

8.3 Overføring/byting av kvote til anna jaktfelt.

Dersom det kan dokumenterast at ein i eit jaktfelt har store beiteskadar, er det gjeve høve til å byte inntil 50% av tildelt kvote med anna jaktfelt, i første rekkje med nabojaktfelt. Oppsett avskytingsprofil for de jaktfelte som blir involvert skal likevel følgjast. Slike avtalar skal vere skriftlege og skal godkjennast av styret i TSV.

8.4 Overgang mellom jaktfelte. Fellesjakt/samjakt.

Det vert oppfordra til samarbeid mellom jaktfelte slik at fellesjakt kan gjennomførast i deler av jakttida. Dette gjev høve til betre utnytting av ressursane innanfor driftsplanen og vil føre til høgare fellingsprosent. Slike avtalar kan ein inngå når som helst. Jaktleiarane skal sørgje for at løyve til dette kan gjevast av alle grunneigarane i området, og at alle jaktlag dette vedkjem er varsla. *Dersom kvote skal overførast, må regel for overføring/byting følgjast.*

Organisering i jaktfelte.

Jaktfelte har sjølv ansvar for å utarbeide interne praktiske jaktrutinar. Interne reglar vedtatt av TSV må følgjast når det gjeld overgang, fellesjakt, avskytingsprofilar, straffereaksjonar osv. Reglar for fordeling av utbyte mellom jegerar/jaktlag og grunneigar må tenkjast grundig gjennom og utarbeidast.

TSV kan ikkje bestemme over slike reglar, men kan framsette anbefalingar for å få best mulig avvikling av jakta for å kunne oppnå best mulig avskyting.

8.5 Felling av skadedyr.

Jaktfelt kan, etter søknad, få tildelt skadedyr av tilleggskvote som TSV har i jaktperioden.

Skade utanom jakttida må meldast til styret, slik at søknad om felling av skadedyr kan sendast kommunen. Etter 1. juni kan slik felling belastast kvoten det året. Etter ordinær jakttid og før 1. juni tilfell verdien av felte skadedyr det kommunale viltfondet.

8.6 Kontroll av felte dyr.

Felte dyr skal rapporterast inn til oppnemnte kontrollør innan 24 timar. Hovudet av felte dyr skal oppbevarast i 72 timar for eventuell kontroll.

8.7 Feilskote dyr.

Dyr som er skotne utover tildelt kvote på dei einskilte jaktfelt, må rapporterast inn til valdleiar straks, slik at styret kan ta stilling til kva som skal gjerast med dyret.

Del 9: RUTINAR og REGLAR VED FEILSKYTING

Styret i TSV skal følgje rutinar og reglar ved feilskyting etter *prioritert liste*.

Dyr som er felt feil, skal slaktast på beste måte og takast vare på til styret i TSV har bestemt kva som skal gjerast med slaktet.

ULOVELIG JAKT OG GROVE FEILSKYTINGAR I OG UTANFOR JAKTTID KAN BLI RAPPORTERT TIL POLITIMYNDIGHETAR.

Felling av feil type dyr.

Grov feilskyting definerast som følgjande:

Eldre bukk felt i staden for andre kategoriar ut over tildelt kvote for eldre bukk.

Eldre bukk er definert som bukk 10 taggar og fleire og med vekt over 100 kg.

Felling av bukk i denne kategori medfører avgift for skyttar på kr. 5.000,- og **kan** føre til endringar i neste års kvote. Dyret blir trekt inn av TSV og solgt til inntekt for laget. Dyret blir trukket i jaktfeltet si kvote som det dyret det opprinnelig skulle være.

Grov feilskyting skal takast opp i styret i TSV i kvart enkelt høve. Jeger kan bli utestengt for jakt i TSV sitt område i inntil 3 år. Grove feilskytingar kan føre til rapportering til politimyndigheta.

Mindre bukk (6-10 takker på gevir) og vekt inntil 100 kg medfører avgift for skyttar på kr.3.000,- og **kan** føre til endringar i neste års kvote. Dyret blir trekt inn av TSV og solgt til inntekt for laget. Dyret blir trukket i jaktfeltet si kvote som det dyret det opprinnelig skulle være.

Skyttar tilleggast ”Gult kort”

Bukk 2 takker (spissbukk) opp til 4 takker, skyttar beheld dyret og det betalast avgift per kg . Avgifter bereknast etter oppsett i del 9.1 **Vektgrenser ved feilskyting**

Felling av feil type dyr i de andre kategoriar.

1.Dyret vert overteke av anna jaktfelt med tilsvarende dyr igjen på sin kvote. Dette gjeld berre dersom dei er villige til å ta imot det.

2.Dyret vert behalde av jaktfeltet. Dyret vert då trekt av kvota for type dyr jaktfeltet har og skyttar må betala mellomlegg i kjøtverdi og betalt inn til styret i TSV. Det vert brukt same reknemåte som ved vektgrenser for feilskyting (**se punkt 9.1**)

Felling av fleire dyr enn tildelt i jaktfeltet.

1.Prøve å få jaktfelt som har tilsvarande dyr igjen på sin kvote til å overta dyret.
3.Dyr blir trekt inn av styret i TSV, dyret trekkast av tilleggskvota TSV har. Skyttar/ jaktfelt må betala mellomlegg i kjøtverdi og betalt inn til styret i TSV. Det vert brukt same reknemåte som ved vektgrenser for feilskyting (**se punkt 9.1**)

Felling av dyr utover total årskvota i driftsplanområdet.

Dersom dyr er skote utover den totale årskvota for driftsplanområdet, kan dette ordnast ved å bruke tilleggskvote som TSV har.

9.1 Vektgrenser ved feilskyting.

Når det skal brukast avgift ved feilskyting og berekning av mellomlegg i kjøtverdi brukast følgjande oppsatte vektor. Det bereknast avgift per kg over disse vektgrensene.

Følgjande vektorgrenser for berekning av avgifter i perioden 2009 - 2011:

Kalv	28 kg
11/2 bukk	45 kg
11/2 kolle	40 kg
Eldre kolle	60 kg

Dersom ein skyt eldre dyr (11/2 kolle eller 11/2 bukk eller eldre kolle i staden for kalv, skal det svarast for følgjande avgift.

F.o.m	28 kg	t.o.m.	60 kg	Kr 50,-/kg
-------	-------	--------	-------	------------

.

Over	60 kg	Kr 150,-/kg
------	-------	-------------

Skyttaren vert ilagt 1 gult kort.

Dersom ein skyt bukk 2 (spissbukk) til og med 4 takker i staden for andre kategoriar skal det svarast for følgjande avgift.

F.o.m	28 kg	t.o.m.	60 kg	Kr 50,-/kg
Over	60kg			Kr 150,-/kg

Skyttaren vert ilagt 1 gult kort.

Dersom ein skyt eldre kolle i staden for kvige (1, ½ år)skal det svarast følgjande avgift.

F.o.m 40 kg t.o.m. 60 kg Kr 50,-/kg
.
Over 60 kg Kr 150,-/kg
Skyttaren vert ilagt 1 gult kort.

Dersom eldre bukk vert skoten i staden for andre kategoriar, skal det svarast for følgjande avgift nemnt i tekstboks for Grov feilskyting over.

I tilfeller der overståande reglar skal brukast må skyttar/ jaktfelt bestemme og gi beskjed til styret i TSV om det er skyttar eller jaktfelt som skal betale avgifta.

”GULT KORT”

Har same jeger 3 gule kort i eit tidsrom på 5 år, kan han utestengjast frå jakt i TSV sitt planområde i opp til 3 år. Slike tilfelle vert tekne opp i styret og behandla der.

Alle avgifter vert alltid berekna utifrå vektgrensene for dei ulike gruppene.

Styret i TSV